

## Draum og visjon i afrikansk kyrkjeliv

AV KJETIL AANO

«Mitt kall til å bli prest fekk eg i form av ein visjon. Men då eg med stort alvor og strålende glede delte denne intense opplevinga med amerikanske misjonærar som eg hadde stor tillit til, lo dei det heile bort med: 'Men John, er du blitt heilt gal?' Det såra meg veldig. Og den 'gale' opplevinga kom til å forandra heile livet mitt». Det er John Mbiti, ein kjend afrikansk kyrkjeleiar og teolog, som fortel denne episoden.<sup>1</sup>

John Mbiti er ikkje aleine om å ha slike opplevingar. Draumar, visjonar og åpenbaringar spelar ei viktig rolle i afrikansk kyrkjeliv. Og sjølv om det kanskje er i ein del av dei afro-kristne rørslene desse fenomenona spelar størst rolle,<sup>1b</sup> synest det i stor grad å vera kjende fenomen også i dei historiske kyrkjene.<sup>2</sup> Derfor er det ikkje utan grunn John Mbiti spør om korleis ein skal forstå dette fenomenet. Skal ein – som dei misjonærane han viste til – bare avvisa heile saka og lata som det ikkje finst?<sup>3</sup> Han svarar ved å visa til at draumar har eit praktisk sikte. Draumar skal omsetjast i handling på dagleglivet sitt plan. Og det, hevdar han, skjer stadig i Afrika. Draumar fungerer faktisk som problemløysar både for vanlege menneske og for folk med stort politisk ansvar. Derfor etterlyser Mibiti teologiske refleksjonar omkring draumar og visjonar. I staden for å avvisa heile fenomenet, treng vi ein «theology of dreams» hevdar han.<sup>4</sup>

– Her skal vi ikkje prøva oss på noen slik teologi, men bare kanskje antyda ei lita åpning – ei teologisk nisje, der dette fenomenet kan tenkast å ha sin plass.

### II

I Det gamle testamentet synest draumar og visjonar vera eit karakteristisk trekk profeti, både den falske og den sanne (Jer. 18,18). Kriteria for kva som gjer synene og draumane gyldige, synest dels å vera

*innhaldet* i dei – om dei klør i øyra eller er til dom og omvendig (t.d. Mika 3,5–8), dels om dei går i oppfylling (Jer. 28.9). Jeremias synest samstundes representera eit meir radikalt standpunkt: draumar og syn har ikkje sanningsverdi i seg sjølv. Det avgjerande kriteriet er sann gudskunnskap. Sann profet er bare den som har vore til stades i Guds råd, (Jer. 23,18).

Samstundes åpnar Det gamle testamentet også for nettopp det motsette: ei utvikling der Guds nærvær blir demokratisert. Då blir draumar og visjonar allemanseige, og alle saman representerer reellt Gudssamfunn, (Joel 3,1ff).

Det nye testamentet gjer det klart at draumar og visjonar var sentrale i urkyrkja. Peter gjer det klart at han og dei andre læresveinane forsto si historiske rolle i lys av visjonsordet i Joel 3. Han byrjar pinsetalen sin med å konstatera at dette nå var oppfylt (Apgj. 2,16–18). – Noe mindre klart et det korleis Peter tenker seg oppfyllinga, eller *kva* han konkret tenker på. Gjeld det bare på det prinsipielle planet – m.a.o. eit nytt Gudsforhold – eller tenker han seg dette forholdet realisert gjennom draumar og visjonar?<sup>5</sup>

Neste steg i Guds handling med urkyrkja er Paulus' visjon på veg til Damaskus. Denne visjon blir gjenfortalt ikkje mindre enn tre gonger. Det viktigste motivet i forteljinga synest å vera det grense-sprengande: gjennom dette skjer det eit stort steg ut mot den veldige verden som Gud vil evangeliet skal forkynnast for.

Det tredje viktige eksemplet frå Acta er Peters visjon i kap. 10. At spørsmålet visjonen tar opp, er viktig, blir streka under ved at vi her har med ein dobbelvisjon å gjera. Peter og Kornelius har kvar sin visjon som – syner det seg – stadfestar kvarandre. Begge visjonane blir først grundig fortalt (10,3–6 og 9–16) og sidan, når dei to møtest, gjenfortalt i korte trekk (v. 28–33). Alt dette blir sidan så å seie stadfest av Gud sjølv ved at han lar Den Heilage Ande falla på dei som har tatt trua. Denne visjonssekvensen utgjer endå eit steg i den same utviklinga. Acta avslører eit driv frå Jerusalem til folkeslaga. Gjennom desse sterke opplevingsrekkene gjer Gud det universelle perspektivet ufråcomeleg.

Vi møter det same draget utover i forteljinga om samaritanmisjonen (8,4–25). Forteljinga er knapp,<sup>6</sup> men poenget er: Gud leier til samaritanarane. I historia om Filip og den etiopiske hoffmannen ligg også vekt på det poenget: det heile er Guds leiing.<sup>7</sup>

Dette skulle visa at dei aller fleste draumane og visjonane som blir gjengitt i Det nye testamentet, står i samband med gjennombrøtet

av misjonstanken i urkyrkja.<sup>8</sup> Det er i samband med misjon at visjon høyrer heime.

Dette fører oss til spørsmålet:

– Kan noe av dette overførast til dagens situasjon – og i så fall, er det råd å nedfella visse kriterier eller generelle retningslinjer for korleis ein skal forholde seg til syner og draumar?<sup>9</sup>

### III

Eg har gjengitt Mbiti sin kallsvisjon. Men Mbiti er ikkje den einaste afrikanske kyrkjeleiaren som har hatt ein slik kalls-visjon eller -draum. Også biskop Kibira fortel at hans livslagnad vart staka ut ved ein visjon.<sup>10</sup>

Frå Madagaskar ser ein mykje av det same: draumar og visjonar har ofte spelt ei viktig rolle for personar som har hatt avgjerande innverknad på kyrkja si utvikling i landet. Mest framtrudande er det for ein del av dei som er blitt sterke vekkingsleiarar. Den gassiske vekkingsrørsla har sitt utgangspunkt i ein visjon. Ein kvitkledd person talte til bonden Rainisoalambo i ein draum og sa 'be'. Å 'be' er den tekniske termen for å bli kristen på gassisk. – Denne visjonen vart etterfulgt av fleire, som alle hadde det same sentrale innhaldet: verkeleggjeringa og utfoldinga av denne 'bedinga'.<sup>11</sup> Også i seinare bølger har denne typen av visjonar og draumar hatt avgjerande innverknad på rørslene og leiarene i dei.<sup>12</sup>

Det vart fort erkjent at tale om draumar og åpenbaringar er teologisk spenningsfullt, og spørsmålet om korleis ein skulle forholde seg til det heile vart livleg diskutert blant misjonæranne. Frå sidelinja i Norge gir også Lars Dahle si mening kjend. Han har vanskeleg for å godta det heile, og grunngir det slik: «Det er vanskelig at lede Folk som har faat en ufeilbar Fortolkning fra Himmelen (fra de 4 Evangelister og Engelen Gabriel)». Andre i Bestyrelsen, fortel han, var endå meir kritiske, og «ansaag det hele som Galskab».<sup>13</sup>

Misjonsprest Pedersen, som var ein av dei som hadde mest kontakt med rørsla i den aller første tida, sette fingeren på problemet alt to år tidlegare – autoritetskriteriet. «Åndens Vitnesbyrd i Hjertet settes ved siden av Guds Ord» hos tilhengarane av denne visjonære bonden, og dei stoler blindt på åpenbaringane hans og oppfattar han sjølv som ufeilbarleg.<sup>15</sup>

Likevel er Pedersen positiv. Han kan med eiga erfaring som bakgrunn peika på at «disse Folk, trods Profetierne, er meget villige til

at tage mod Raad». <sup>17</sup> Pedersen spelte ei viktig rolle i to spørsmål som vart tillagt ein del vekt. Namnet dei gav seg sjølv var Apostlar. Pedersen fekk dei til å gå over til nemninga Herrens læresveinar (gassisk: frå 'apostoly' til 'mpianatry ny Tompo'), <sup>18</sup> og deira opphavelege motstand mot moderne medisin oppgav dei etter råd m.a. frå Pedersen. <sup>19</sup>

Johannes Johnson, den av misjonærene som har eit mest reflektert syn på desse rørsleane, deler den prinsipielle skepsisen mot draumar og åpenbaringar som kjelde til ny erkjenning, og peikar på at det fører til at åpenbaringsmottakaren får ein ny posisjon. Han blir uerstatteleg, ein ny mellommann, ein ny pave. <sup>20</sup>

Likevel vil han ikkje i utgangspunktet avvise slike fenomen. Han peiker på at åpenbaringar, draumar og syn er eit vanleg drag i all gassisk religiøsitet, og hevdar at Gud kan bruka også dette særtrekket. Det som til sist blir avgjerande for korleis ein skal vurdere og forholde seg til desse 'åpenbaringane' er *innhaldet* i dei, og, hevdar Johnson, innhaldet i Rainisoalambo sine åpenbaringar er ikkje anna enn Det nye testamentet si lære. <sup>21</sup>

I 1884 reiste ein anglikansk diakon ved namn John Ratsizehena til den nordlegaste delen av Madagaskar og bygde opp eit kyrkjeleg arbeid der. Han reiste utan noen form for formell utsending. Bakgrunnen var ein draum han hadde hatt. Jesus hadde synt seg for han og sendt han ut. <sup>22</sup> John Ratsizehena var overtydd anglikanar, og det arbeidet han bygde opp, organiserte han etter strengt anglikansk mønster, og då arbeidet vart større, ordinerte han fleire prestar og utnemnde seg sjølv til biskop. – Då den anglikanske misjonen mot slutten av Ratsizehenas liv fekk nye leiarar, tok han kontakt med desse, og oppnådde å få heile det arbeidet han hadde bygd opp integrert i den anglikanske kyrkjeprovinsen Madagaskar. – Kallsvisjonen var altså avgjerande også for den lojalt innstilte og kyrkjelege John Ratsizehena.

– Også i dag forekjem draumar og visjonar blant dei kristne på Madagaskar. Det har eg eiga erfaring for, i det to nære medarbeidarar – ein prest og ein evangelist <sup>23</sup> – ofte fortalte om korleis Gud åpenbarte seg for dei gjennom draumar og syn. Tema for draumane var ulike for dei to. Presten sine syn kretsa om at evangeliet sto framfor eit gjennombrøt i distriktet, og i samband med det skulle det byggast eit vekkingssenter der. <sup>23a</sup> Evangelisten hadde meir apokalyptisk prega visjonar der motiv frå tradisjonell mytologi spelte ei større rolle. Han såg seg sjølv som Jesu Kristi stridsmann i kamp med over-

menneskelege makter, der han – i Jesu namn – gjekk sigrande ut. For dei begge gjeld det at draumane i stor grad gjenspegla den konkrete kampsituasjonen dei sto i. Draumane gav svar på sterke ønske dei hadde, stadfesta ambisjonane deira, og samstundes fungerte dei som Guds personlege tiltale, som ei oppmuntring til å halda ut i ein menneskeleg talt vanskeleg arbeidssituasjon.<sup>23b</sup>

Eg har brukt så mykje tid på Madagaskar fordi det har eg personleg kjennskap til. Men fenomenet er like kjent over store deler av Afrika. Frå Aust-Afrika fortel Bengt Sundkler utfyllande om kva rolle draumar spelar i vekkingsrørsla der.<sup>24</sup> Han fortel særskilt om presten Loje som har ført ei draumedagbok heilt frå 1934 til 1970-talet. Sundkler foretar ei interessant analyse av draumane og draumeforståinga. – Evnen til å drøyma var viktig også i tradisjonell religiøsitet. Men nå har draumane fått nytt innhald. Dei gamle draumane er gale, og blir kalla «Satandraumar».<sup>25</sup> Kriteriet for kva draumar som er rette, er for Loje deira etiske gehalt. Det han drøymmer er rett og godt, og han kan påvisa korleis det han drøymmer går i oppfylling. Derfor kan han hevda at det er samanheng mellom draumane hans og åpenbaring<sup>26</sup> – gjennom draumane åpenbarer Gud sin vilje og plan for han.

Også i «Bantu Prophets in South Afrika» har Sundkler tatt for seg draumar og åpenbaringar. Der er det såkalla uavhengige afrikanske kyrkjer han fokuserer, og han vier eit heilt kapitel til åpenbaringsforståinga i desse rørsleane. – Ikkje uventa framhever han draumar som åpenbaringsmedium, og strekar særleg under følgande moment: 1. – Draumar og den vekta dei blir tillagt, lar seg bare forstå på bakgrunn av «the pattern of dream activity in heathen Zulu morality». 2. – Det er ein karakteristisk, stereotypisert symbolikk både i draumane og i tydinga av dei. Den same symbolbruken synest gå att både blant kyrkjekristne (mission churches) og blant uavhengige.<sup>27</sup> 3. – Likevel er det viktig å vera merksam på skilnadene som finst. Det gjeld delvis innhaldet. Ein drøymmer i stor grad det kyrkja ein er i, synest forventet av ein. Meir påfallande er haldninga til draumar: i misjonskyrkjene er ein meir skeptisk. «In mission churches (. . .) the mighty waters of primitive dream life are in various ways subdued and repressed. In Zionist Churches the sluices have been opened to the full».<sup>28</sup>

## IV

I det nytestamentlege materialet syntest vi sjå tre ulike moment om kvarandre: visjonane var ofte kallsvisjonar, dei hadde som oftast eit utadretta (misjons-)perspektiv. Og ein trakk læremessige konsekvensar av dei. – Sjølv sagt er biletet meir komplisert enn som så. Men jamvel denne forenklinga syner kor tvilsamt det er å vilja foreta ei enkel overføring frå aposteltida til i dag.

I afrikansk samanheng har ei rekke av dei afro-kristne rørslene likevel foretatt ei slik overføring. Afrikas religiøsitet synest ha rom for ein åpenbaringskategori. Også i mange historiske kyrkjer spelar draumar og åpenbaringar ei viktig rolle. Sundkler sin observasjon held likevel truleg ennå stikk: det er sterke reservasjonar.

Etter vår meining er denne reservasjonen eit sundt teikn. Samstundes vil vi gjerne streka under at ei Gudstru – der Guden er ein levande og handlande Gud – burde gi rom for denne Guds handling også i menneska sin verden, også innafor dei kulturelle kategoriane som råder i samfunnet. Det burde gi rom for Guds personlege tiltale. Det er det gamal tradisjon for i vårt heimlege miljø. Personlege kallsopplevingar blir tillagt vekt, og blir forstått som Den Heilage Andes verk i individet.<sup>29</sup> I kristen afrikansk draumeverden er det påfallande kor mykje som kan karakteriserast som kallsvisjonar. Kategorien kallsvisjon kan nyttast om ein utvida draumeaktivitet: draumane peikar på stadig nye kall. – I afrikansk kontekst, der også religiøst liv har eit sterkt preg av kollektivitet, blir draumen som Guds personlege tiltale desto viktigare. Gjennom den kjem Gud den einskilde nær. Draumen er individualiseringa av den kollektive religiøsiteten.<sup>30</sup>

Johannes Johnson åpna for tanken at Gud kunne bruka draumar i si teneste på Madagaskar. Johnson hadde truleg rett ikkje bare for Madagaskars vedkomande. Så lenge draumen ikkje blir absoluttert, så lenge den blir Guds tiltale og så lenge ein vågar å vedkjenna seg dens tvetydige karakter,<sup>31</sup> så lenge bør også kyrkja vera åpen for den.

### NOTER

1. John Mbiti: *Theological Impotence and the Universality of the Church*, i Anderson, Stransky CSP: *Mission Trends* no 3 N.Y etc. 1976, s. 13. (Omsett av meg).
- 1b. Sundkler, B: *Bantu Prophets in South Africa* Lond. 1948 s. 265–275.

2. Sundkler, B: *Bara Bukoba, Kyrka och miljö i Tanzania*, Uppsala 1974, s. 157-174.
3. Mbiti, John: op. cit. s. 13.
4. Mbiti, John: op. cit. s. 13.
5. Larsson, E: *Till nya grupper och folk. Om missionens problem i urkyrkan*, i Misjonskall og forskerglede, festskrift til O. G. Myklebust, Oslo 1975, s. 106-8.
6. Larsson, E: Op. cit. s. 99-102.
7. Larsson, E: op. cit. s. 103.
8. Elles spelar draumar ei viktig rolle i samband med Jesu barndomsforteljingar, t.d. Mt. 2, 12.
9. Det er opplagt vanskeleg. Jfr. E. Larson sin merknad til urkyrkja sin omgang med «erfaring» som teologisk sanningsformidlar. – Det spørst om noen seinare epoke kan gjera som urkyrkja gjorde, spør han, og så å seia lesa Guds vilje og leiing ut av det som skjer. I alle fall er det heile «oerhørt kompliserat». Larsson, E: *Erfarenheten i Nya Testamentet*, i Tro og Erfaring, Oslo 1981 s. 19.
10. Kibira, J: *Church, Clan, and the World*, Uppsala 1974.
11. Draumane til Rainisoalambo var ein av grunnane til at mange misjonærar lenge var skeptiske til rørsla hans. Mest positiv var Johannes Johnson, mest avisande var Lars Vig. I Missionstidende året 1901 utspelar det seg ein interessant debatt mellom dei.
12. Nakkestad, G: *Herrens Hånd er her å merke*, Stavanger 1945, s. 18f.
13. Norsk Missionstidende (NMT) 1903, s. 41. Foredrag halde i Stavanger Misjonshus i desember året før.
15. NMT 1900, s. 401, frå brev datert den 30/3-1899.
17. Referat frå Misjonær Konferentsen Madagaskar Indland, 1901, s. 119.
18. NMT 1901 s. 395 ff.
19. Same erfaringa har også J. Johnson. Då han rådde frå forbod mot medisin, vart det tatt til følge, fortel han. Konferansereferat for 1901, s. 119.
20. NMT 1901, s. 228.
21. NMT 1901, s. 377. Jfr. også Johnsons artikkel i Nordisk Missionstidsskrift for 1902, s. 97-109.
22. King, G. T.: *A self made Bishop. The Story of John Tsizehena, Bishop of the North*, London (SPG) 1933.
23. Begge arbeidde i Iakora distrikt, i bara-området i Midtsynoden på Madagaskar, og begge hadde tilknytning til den lutherske delen av dei gassiske vekkingsrørslene.
- 23a. Vekkingscenteret – på gassisk, toby – er ein viktig arbeidsreidskap i den gassiske kyrkja og særleg for vekkingsrørslene. Jfr. Lie, B. S: Gassiske vekkelsesbeggeleser og norske misjonærar. NOTM 1982 s. 69. Sjå også Aano, Kjetil: *Mellom Kross og fedregrav*, som vil bli utgitt våren 1984.
- 23b. Desse 'åpenbaringane' fortonar seg relativt uproblematisk, teologisk sett. Dei siste par åra er eit gammalt – og vanskelegare draum-motiv dukka opp med ny styrke: ei rekke leiande personar innafor kyrkja si vekkingsrørsle meiner seg vera blitt åpenbart at profetinna Nenilava skal la seg innvia til ei slags presteleg dronning. Sjå også drøftinga om dette i: Mellom kross og fedregrav.
24. Sundkler, B: *Bara Bukoba*. særleg: Om drøm och tro, s. 165-174.
25. Same, s. 161.

26. Same, s. 162f.
27. Sundkler, B: *Bantu Prophets in South Africa*, s. 265 og 268.
28. Same, s. 273.
29. Jfr. t.d. den instruktive pamfletten av Johannes Borgenvik: *Misjonærkallet*. Oslo 1975. Jfr. note 9.
30. Sundkler påviser dette i den austafrikanske vikkinga sin kontekst, Bara Bukoba, s. 206. Men det gjeld like fullt i andre samanhengar.
31. Også i vårt heimlege teologiske miljø kan ein i kjølvatnet til den karismatiske rørsla spora ei åpning overfor det underlege – men nettopp med tvidraget – det tvetydige ved det, som ein viktig og bestemmande faktor. Jfr. t.d. M. Synnes: «*med Ånd og kraft som bevis*» i: *Jeg tror på den Hellige Ånd*, Oslo 1981, s. 78-92.